

RETNINGSLINJER FOR TILSKOT TIL KULTURARBEID

Kommunestyresak 013/16 24.02.2016



Innhold

| | |
|--|--------|
| Kven kan søkje om tilskot | side 2 |
| Føresegner som vert lagt til grunn for tildeling av kulturmidlar | side 2 |
| 1. Oppstartstilskot | side 2 |
| 2. Driftstilskot | side 2 |
| 3. Tilskot til kurs | side 3 |
| 4. Tilskot til alkoholfrie ungdomsarrangement | side 3 |
| 5. Andre tilskot | side 3 |

Kven kan søkje om tilskot?

Frivillige lag og organisasjonar som driv si verksemd i Hjelmeland kommune, kan søkje om følgjande tilskot:

1. Oppstartstilskot
2. Driftstilskot
3. Tilskot til kurs
4. Tilskot til alkoholfrie ungdomsarrangement
5. Andre tilskot

Føresegner som vert lagt til grunn for tildeling av kulturmidlar:

- A. Aktivitetar for barn og unge vert prioritert
- B. Lag som berre har vaksne medlemmar fell utanfor denne tilskotsordninga
- C. Det vert ikkje gitt støtte til kommersielle tiltak.
- D. Ved tildeling av støtte tek ein omsyn til alder på deltakarane og aktivitetsnivå. Årsmelding og rekneskap skal leggjast ved søkeren.
- E. Lag/foreiningar som samlar inn midlar til velgjerande føremål utan å skape allmenn kulturell aktivitet, fell utanom støtteordninga.
- F. Kulturmidlane vert fordelt med 50% til idrettslaga og 50% til andre med rett til slik støtte. Fordeling mellom Idrettslaga vert gjort i samråd med Hjelmeland idrettsråd.
- G. Søknad om tilskot vert behandla administrativt av kulturleiar, i samsvar med vedtekne retningslinjer.
- H. Alle søkerar vert vurdert i samsvar med budsjettet for det inneverande året.
- I. Søkjar har klagerett på administrative vedtak. Frist for slik klage er 3 veker etter at melding er motteke.

1. Oppstartstilskot.

Det kan ytast eit eingongstilskot ved start av nye lag på inntil kr 2 000,- Ved tildeling vil ein ta omsyn til alder på medlemmane i laget.

2. Driftstilskot.

Driftstilskot vert gitt til ordinert lagarbeid. Tilskotet blir vurdert ut frå alder på deltakarane, aktivitetsvolum inkl. oppmøtetal, årsmelding og rekneskap.

Søknadsskjema får ein ved å venda seg til postmottak@hjelmeland.kommuen.no
Søknadsfrist er 1.mars

3. Tilskot til kurs

Det kan søkjast støtte for deltaking på kurs. Slik søknad kan sendast gjennom heile året.

Søknaden kan sendast etter at kurset er avslutta og skal innehalde desse opplysningane:

- Lenge på kurset
- Kursarrangør
- Program
- Legitimerte utgifter for reise og opphold og andre kursutgifter.
- Namn på deltakarar frå laget

Tilskot kan ytast med inntil 50% av samla utgifter til reis, kurs og oppholdsutgifter.
Samla støtte til laget kan ikkje overstige kr 2 000,- i året.

4. Tilskot til alkoholfrie ungdomsarrangement.

Arrangør av alkoholfrie ungdomsarrangement kan söke om kommunal støtte.

Arrangementet skal vera ope for alle og gje høve til fritt og uforpliktande samvær.

Storleiken på ei eventuell støtte vert vurdert for kvar enkelt søknad og i samsvar med budsjett for inneverande år.

5. Andre tilskot.

Det er høve til å söke om tilskot til andre kulturtiltak som ikkje er omtala ovanfor.

Eksempel på slik søknad kan vera:

- støtte til kulturarrangement, event. underskotsgaranti.
- andre tiltak av kulturell interesse

Søknadar som fell inn under dette punktet vert vurdert i kvar enkelt tilfelle i samsvar med budsjett for inneverande år.